



Det blir ein ny runde om dette bygget i forvaltningskomiteen onsdag i neste veke. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rabben Camping ved Steinar Myklebust har no klaga på vedtaket i forvaltningskomiteen 6. september om forbod mot deling og byggjing i planområdet for ny igongsett reguleringsplan Turistanlegg Uskedalen. Han bed om at klaga vert handsama i komiteen onsdag 4. oktober, melder innsida.no

Myklebust grunngjev klaga med at saka etter hans meining gjeld vøling av sanitærbygg og ikkje oppføring av nybygg. Han viser til at det vart sendt ut rammesøknad om nytt tak på dette bygget med mogeleg bueining på det nye loftet.

Desse dokumenta vart motteke før reguleringsarbeidet starta.

- Sakshandsamingstida frå motteken søknad til vi fekk svar var nær sju månader. Vi føler at saka vart trenert av administrasjonen, og at dette tiltaket feilaktig vart slege saman med anna tiltak på same eigedom.

Tiltaket på sanitærbygget er heilt naudsynt vøling og har ingen innverknad på arbeidet slik rådmannen meiner, hevdar Myklebust

. Han er redd for at byggjeforbodet kan føra til sviktande omsetnad for campingplassen fordi sanitærbygningen er i dårleg stand.

Campingplassen har mange tyske gjester i bubilar og telt og det er særst viktig for dei at dei sanitære tilhøva er gode. Er ikkje desse gode nok, reiser dei vidare, held Myklebust fram.

Forvaltningskomiteen og kommuneadministrasjonen meiner bygget kjem ein meter for nær hytte nummer åtte, men Myklebust svarar at det er kommunen sjølv som har plassert hytta der ho står no.

Av Ola Matti Mathisen